



Det Kongelige Fiskeri- og Kystdepartement
pb. 8118 Dep

0032 OSLO

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 09/633-3
Journalpostid: 09/5708

Saksh: Gunnhild Sandvin
Telefon: 53 67 35 10

Arkivkode Dato:
K2-, K2-U43 10.11.2009

Uttale til forslag til særskilte krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

FSK-123/09 Uttale:

For at "Forslag til forskrift om særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden" skal ha verknad for villaks- og sjøaure bestandane i Hardangerfjordområdet, må ein setja maksimalgrenser for kva skadeomfang på villaksen ein kan tolerera. Det må setjast ein frist på 2 år, frå forskrifta vert vedteke, for oppdrettsnæringa å nå desse måla. Om ikkje, må produksjonen av oppdrettsfisk reduserast til det nivå der måla vert innfridd.

Med venleg helsing
Eidfjord kommune


Gunnhild Sandvin
sakshandsamar

Kopi til arkiv og kopibok



Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121
Bankgiro: 3450.19.60006
Innbetaling skatt: 7855.05.12326

www.eidfjord.kommune.no

Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Telefon: 53 67 35 00
Telefaks: 53 67 35 75
Epost: postmottak@eidfjord.kommune.no



EIDFJORD KOMMUNE

Arkiv: K2-, K2-U43
Arkivsak ID: 09/633 - 2
Journalpost ID: 09/5458
Saksh.: Rune Østraat
Dato: 27.10.2009

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksh.
Eidfjord formannskap	09.11.2009	123/09	OSTRUN

Forslag til særskilte krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden

Dokument i saka:

Nr	Dok.dato	Avs./Mot.	Tittel
1 I	20.08.2009	Det Kongelige Fiskeri- og Kystdepartement	Forslag til særskilte krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden

Vedlagt:

Utkast til forslag til forskrift om særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden (del av dokument 1)

Særutskrift skal sendast til: Fiskeri- og kystdepartementet PB 8118 Dep, 0032 Oslo eller per e-post til postmottak@fkd.dep.no

Endeleg avgjerd i: Eidfjord formannskap

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

For at "Forslag til forskrift om særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden" skal ha verknad for villaks- og sjøaure bestandane i Hardangerfjordområdet, må ein setja maksimalgrenser for kva skadeomfang på villaksen ein kan tolerera. Det må setjast ein frist på 2 år, frå forskrifta vert vedteke, for oppdrettsnæringa å nå desse måla. Om ikkje, må produksjonen av oppdrettsfisk reduserast til det nivå der måla vert innfridd.



Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121
Bankgiro: 3450.19.60006
Innbetaling skatt: 7855.05.12326
www.eidfjord.kommune.no

Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Telefon: 53 67 35 00
Telefaks: 53 67 35 75
Epost: postmottak@eidfjord.kommune.no

09.11.2009 Eidfjord formannskap

Handsaming:

Røysting:
Samrøystes uttale.

FSK-123/09 Uttale:

For at "Forslag til forskrift om særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden" skal ha verknad for villaks- og sjøaure bestandane i Hardangerfjordområdet, må ein setja maksimalgrenser for kva skadeomfang på villaksen ein kan tolerera. Det må setjast ein frist på 2 år, frå forskrifta vert vedteke, for oppdrettsnæringa å nå desse måla. Om ikkje, må produksjonen av oppdrettsfisk reduserast til det nivå der måla vert innfridd.

Saka gjeld:

Eidfjord kommune mottok den 21.08.2009, høyring på "Forslag til forskrift om særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden", frå det kongelige fiskeri- og kystdepartement. Frist for å koma med høyringssvar er sett til 18. november.

Fiskeri- og kystdepartementet vedtok den 8. april 2008 ein instruks som fraus situasjonen for utviding- og etablering av nye oppdrettsanlegg for laks, regnbogaure og aure i Hardangerfjorden. Den nye forskrifta vil erstatta denne instruksen.

Kort fortalt omhandlar forskrifta til høyring følgjande emne:

- Det geografiske og saklege verkeområdet for forskrifta
- Reglar om tak på biomasse
- Krav om godkjenning frå Mattilsynet før flytting av fisk
- Krav til brønnbåtar

Det har dei seinaste åra vore forska mykje på økosystema i Hardangerfjorden. Dette har mellom anna vore utført av Norsk institutt for naturforskning (NINA), Fiskeri- og kystdepartementet, Mattilsynet, Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet. Forskningsresultata som har kome fram seier mellom anna:

- Produksjonsmengda i Hardangerfjorden var i fylgje forskarar for høg og utanfor bærekraftig nivå allereie i 2004, - då den var halvparten så stor som i dag.
- Bestandane av laks i Hardanger må karakteriserast som på randen av utrydding. Solid dokumentasjon frå forskarar har vist at det er auka dødelegheit i sjøfasen pga lakselus. I tillegg er det ein så høg prosentdel rømt laks i desse elvene, at ein ikkje kan rekna med å kunna bevare de opphavlige laksebestandane. Alt fiske på villaks vart stogga i lakseelvene og i sjøen i Hardanger, i siste halvdel av nittitalet.
- Alle sjøaurebestandane frå Granvin til Rosendal er redusert på grunn av lakselus, og i områda utanfor og innanfor er bestandane betydelig reduserte. Sjølv om det er sett i



Hardanger

Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121
Bankgiro: 3450.19.60006
Innbetaling skatt: 7855.05.12326
www.eidfjord.kommune.no

Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Telefon: 53 67 35 00
Telefaks: 53 67 35 75
Epost: postmottak@eidfjord.kommune.no

gang samordna lakselus-medisinering av oppdrettslaks, har ikkje luse-talet på villfisk i Hardangerfjorden vorte redusert.

- Ein frys av produksjonen på 50 000 tonn i Hardangerfjorden, vil ikkje kunne bidra til å betra dagens kritiske situasjon for villfisken.
- Hardangerfjorden er landets tettaste oppdrettsområde og har spesielle og særreigna utfordringar.

På den andre sida har ein er næringsaspektet, som truleg kan skape arbeidsplassar og inntekter til kommunen og lokalt næringsliv.

Formålet med forskrifta er skildra i § 1.

§ 1. *Formål*

Formålet med forskrifta er å bidra til å sikre ei berekraftig utvikling av akvakulturnæringa i Hardangerfjorden, medrekna bereevna til fjordområdet, forhold knytt til fiskehelse, omsynet til ville bestandar av laksefisk og det langsiktige grunnlaget for utvikling i akvakulturnæringa.

Vurdering:

Formålet med den nye forskrifta vert i liten grad sikra slik framlegget til ny forskrift nå ligg føre. Om forskrifta skal ha verknad for å sikra dei opphavlege villaks- og sjøaure bestandane, må ein setja målbare maksimalgrenser for kor stort skadeomfang ein kan tillate på villfisken. Dette kan vera krav som til dømes:

- det skal i snitt ikkje vera meir enn 5 lus per utvandrande laksesmolt fanga i verkeområdet for forskrifta.
- det skal ikkje vera prematurt tilbakevandra sjøaure i elveosane før 15. juni, i alle vassdrag innan verkeområdet for forskrifta.
- det skal i snitt ikkje vera meir enn 5 % rømd oppdrettsfisk i gytebestandane av laks i elvane Opo, Kinso, Eio, Granvinselva, Jondalselva, Steinsdalselva, Hattebergselva og Uskedalselva.
- tidsfrist på maksimalt to år, frå forskrifta er vedteken, til desse måla skal være oppfylt. Om ikkje må produksjonen av oppdrettsfisk reduserast for å oppnå måla.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen kostnad for Eidfjord kommune. Om bestandane av villaks og sjøaure tar seg opp, har inntektene frå sal av fiske og overnatting stort potensiale.

Juridiske konsekvensar:

Ingen.

Miljømessige konsekvensar:

Utforming av forskrifta vil ha avgjerande betydning for villaks- og sjøaurebestandane i heile Hardangerfjorden.

Personalsmessige konsekvensar:

Ingen.